

MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

KOPI

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2184 - 15/32757

Saksbehandlar:
Grethe Elin Mjelde
grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:
22.10.2015

LEIKETUN BARNEHAGE - TILSYNSRAPPORT 2015

Den 20.10.15 gjennomførte Miljøretta helsevern ved teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde eit tilsyn etter "Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v." i Leiketun barnehage avd. Frekhaug og Sagstad. Internkontrollsystemet og inneareal vart inspisert. Uteleikeområdet vert kontrollert av *Lekeplasskontrollen*. Styrar Wenche Øpstebø møtte for verksemda.

➤ Tilsyn

Det er for tida 86 barn totalt i Leiketun barnehage (avd. Frekhaug og avd. Sagstad).

Barnehagen har sidan sist tilsyn fått utvendig solavskjerming, noko som er positivt og bidrar til eit betre inneklima.

§ 4; Ansvar. Internkontroll

Denne er tilfredsstillande.

• Avvik som vart påpeika

Under tilsynet vart det oppdaga nokre manglar i verksemda.

§§ 6,7 og 13; Krav om godkjenning, Generelle krav og Reingjering og vedlikehald

1. Barnehagen har ei kortsiktig vedlikehaldsplan, men denne vert ikkje alltid fylgt, grunna stram økonomi. Barnehagens eigar og leder må syte for at det føreligg tilfredsstillande planar og rutinar for forvaltning, drift og vedlikehald. Vedlikehaldsplan skal sikre at teknisk og funksjonell standard vert oppretthaldt for heile bygningsmassen.

§ 14; Tryggleik og helsemessig beredskap

2. Vasskraner som barna nyttar må ha skåldesperre, og temperatur bør ikkje vere over 38 °C.
3. På Sagstad manglar nokre stikkontaktvern.

➤ **Observasjon**

§ 10; Moglegheit for aktivitet og kvile

Barna har moglegheit til å sove ute under ei markise. Denne beskyttar ikkje barna når det er vind og mykje regn. På sikt bør det vurderast å få fast overdekking/tak som skjermar for vær og vind, dersom barna skal fortsette å sove ute.

§ 13; Reingjering og vedlikehald

Kjøkkeninnreiing på dei ulike avdelingar begynner å bli slitt, og treng vedlikehald/utskifting. Barnehagen har planar for å skifte desse ut.

§ 14; Tryggleik og helsemessig beredskap

Trafikktryggleiken er redusert etter Danielsens ungdomsskule opna. Det er mange elevar som går mellom bilane og barnehagen. Farlege situasjonar oppstår. Barnehagen må vurdere løysingar for å betre trafikktryggleiken.

➤ **Vedtak**

- Avvik nr. 1 må rettast innan 15.12.15.
- Avvik nr. 2 og 3 må rettast innan 15.11.15.

I samband med pålegget viser ein til Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular.

Miljøretta helsevern ønskjer tilbakemelding frå verksemda når manglane er retta opp.

Med helsing

Tord Moltumyr
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
teknisk-hygienisk ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Lenk til forskrift og rettleiing:

<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928>

<http://helsedirektoratet.no/publikasjoner/miljo-og-helse-i-barnehagen/Sider/default.aspx>

Om klage over vedtak:

Etter forskrifta § 27 er det høve til å klage på vedtaket for dei partar som har rettsleg interesse i saka. Klaga må setjast fram innan 3 veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Lindås kommune, og må sendast via Miljøretta helsevern – Lindås kommune.

Kopi til:

Meland kommune

Postboks 79

5906

FREKHAUG

- Rådmann
- Utval for levekår
- Komm. avd. for kultur og oppvekst/barnehagekons.

KOPPI